

Prosjekt CH-29: Statusrapport august 2017 og vidare framdrift

Status ultimo august 2017:

Prosjektet har hatt raskare framgang enn prosjektplanen.

I april 2017 var rehabiliteringa komen til det punkt at bilen, ein Chevrolet 1929 var «chassisklar». Det innber at ramme, understell, hjul, fjøring, styring, bremsar, skjermar, dashbord og frontlykter er rehabiliterte og monterte. Motoren, ein 6 sylindra rekkemotor har gjennomgått omfattande rehabilitering og vart så sett på plass. Bilen var i mai 2017 prøvekyrd med fullnøyande resultat. Arbeidet har gått føre seg i løpande kontakt med Biltilsynet, der ein i tillegg til tekniske spesifikasjonar har fått tilvisingar om bruk av tidrett materiell.

Arbeidet med karosseri er i god gjenge. Etter at eigna material er skaffa og lagra, er bygginga av fundament og reisverk no nær fullført. Det viktigaste som står att er:

1. Innkjøp, utforming og plassering av utvendige karosseriplater, vinduge, ei dør, innvendige finérplater, golv og passasjer- og førarsete.
2. Elektriske installasjonar.
3. Lakkering/overflatehandsaming.
4. Prøvekyring/godkjenningprosedyrar.

Arbeidet har gått føre seg på dugnadsbasis (dvs. uløna), med faste dagar og tider, siste halvåret med to dagar pr. veke frå kl 1000 til ca. kl 1600. Vanlegvis møter 5-6 personar, dei fleste yngre pensjonistar med fagbrev som bilmekanikarar og/eller kassoseriarbeidarar. I følgje loggboka er det no registrert 2167.5 dugnadstimar på sjølve bilen. I tillegg kjem alt administrativt arbeid, og reiseverksemd.

I veteranbilmiljøet er det stor interesse for både den tidlege rutebiltransporten og dette prosjektet. Bilen vart nyleg invitert til å vera utstilt på eit veteranbuss-stemne på Voss, og skal 26-27. august i år vera utstilt på Holmeknappen i samband med Kystsogedagane. Det er kome artiklar i dagspressa og ein i medlemsbladet «Rutebil» for Rutebilhistorisk Forening.

Framsyn: I styremøte 17. august 2017 vart arbeidsgangen drøfta. Ved tilfredstillande framdrift er det realistisk at arbeidet kan vera fullført og rutebilen registrert innan august 2018. I så høve kan den ferdigrestaurerte bilen vera med på den store transport- og veteranbåtfestivalen Fjordsteam 2018 i Bergen. Det kulturelle perspektivet med prosjektet er uendra: Denne rutebilen og D/S OSTER er saman - og på ny - eit komplett og autentisk døme på første generasjon av den motoriserte ruteferdsla av personar, last og post mellom Bergen og grendene i Nordhordland.

Økonomi:

Prosjektet har gratis tilgang til verkstad, maskiner, verktøy, ljøs, vatn og ventilasjon. I tillegg har ein motteke offentlege tilskot og sponsring frå så vel institusjonar som leverandørar. Summen av dette har medført ei stor innsparing i høve til det ein frå starten såg føre seg.

Av desse grunnane er det òg uvisse om kor store attståande kostnader vil verta. Den største einskildposten er post 3, overflatebehandling/lakkering. Det må gjerast på spesialverkstad av eigne fagfolk. Det meste av arbeidet under post 1 og 2 kan arbeidsgruppa greia sjølv, så utlegga her blir i hovudsak materiell.

Attståande bruttokostandar ved denne reknemåten er av styret sine fagfolk stipulert til kr. 220.000 (av dette kr. 100.000 til post 2). Pr. dato har prosjektet ei kassebeholdning på kr. 85321.82 Som frådrag kjem ubetalt materiell i bestilling for ca. kr. 5000. Att står då vel kr. 80000. I tillegg har vi fått lovnad om at BNR Veteranbussklubb i haust vil stilla kr. 20000 til vår disposisjon. Kan ein i dessutan framover rekna med inntil kr. 20000 i form av leverandørrabattar, står det att å dekkja inn for om lag kr.100.000. Hausten 2017 søker vi difor om både offentlege og andre tilskot.

Ostereidet/Bergen 24. august 2017

Alf Angelskår (sign.)

Vidar Lehmann (sign.)